



Miljøløftet

NOTAT

Til: Prioriteringsrådet
Fra: Sekretariatet
Kopi: [Fyll inn]

Vedlegg nr. 2

Saksbehandler/telefon:
Eva Mari Pettersen / 41663951
Vår dato: 06.06.2023

Sak 64/23 Økonomirapportering for Miljøløftet pr. 1. tertial 2023

Bakgrunn

Denne saka blir lagt fram i tråd med vedtekne retningslinjer, som seier at sekretariatet skal leggje til rette for at styringsgruppa for Miljøløftet har ei totaloversikt over økonomisk status og framdrift slik at dei kan drive ansvarleg porteføljestyling av byvekstavtalen. Saka bygger òg på økonomirapporteringsrutinane som blei vedtatt av styringsgruppa i desember 2021, sak 73/21.

Notatet byggjer på rapportering levert frå Statens vegvesen per 1. tertial og frå Vestland fylkeskommune dels per 1. kvartal og dels per 1. tertial. Det er ikkje bestilt eller levert rapportering for enkelt-tiltaka finansiert hjå belønningssmidlar til kommunane.

Samla og oppdatert prognose for Bybanen byggetrinn 4 er ikkje levert til denne rapporteringa.

Ettersom det blir stadig fleire prosjekt i Miljøløftet sin portefølje, og det er mange parter som bruker pengane i avtalen, er det behov for at rutinane og praksisen for rapportering blir oppdatert. I arbeidet med 1. tertialrapport, har dette behovet blitt ytterlegare bekrefta, og sekretariatet vil ta fatt på ein gjennomgang av rutinane, så snart ny økonomiressurs er på plass sommaren 2023.

I forslag til revidert nasjonalbudsjett 23, som regjeringa la fram i mai, har forventta indeks for 2023 auke frå 2,0 til 5,5 % for post 30, og frå 2,8 til 5,2 % for post 66. Desse endringane er ikkje vedteken av stortinget enno, og heller ikkje lagt inn i dette notatet. Endringane i indeks vil for 2023 primært innebera at tilskota (post 66) frå staten blir noko høgare enn det som ligg inne som løyving 2023. For avtaleperioden betyr det også at post 30-ramma (dei statlege forpliktingane) blir høgare enn det som låg til grunn i både HP23-26, men òg i HP24-27.

Oppsummert

Prognosen for prosjekta i byvekstavtalen viser eit samla mindreforbruk på i underkant av 200 millionar kroner ved årsslutt (sjå tabell 1). Dette er langt lågare enn ved same periode i fjor, noko som kan tyde på at partane har blitt betre på realistisk budsjettering, og at det er gjort naudsynte avklaringar slik at pengar ikkje vert ståande på fond. Samstundes som staten haldt att 250 mill. i belønningssmidlar i 2022.

Mindreforbruket er hovudsakleg knytt til **post 66 midlar**, som har eit prognostisert mindreforbruk på 127 mill. ved årsslutt. Avviket viser prognosen for forventta storleik på fond hos Vestland fylkeskommune ved utgangen av 2023, og er på nivå med størrelsen på fond ved utgangen av 2022. Mindreforbruket fordeler

seg på belønningsmidlar til kommunane, belønningsmidlar til Skyss, og reduserte billettprisar til kollektivtrafikken.

Prognosen legg til grunn at tilskotet til betre kollektivtilbod vert nytta i 2023, sjølv om det førebels ikkje er bestemt korleis tilskotet skal bli brukt. Jamfør vedtak 20/23 blei dette utsett til etter vedteken reguleringsplan for Bybanen byggetrinn 5. Staten har ei forventning om at dei statlege tilskota vert nytta det året dei vert løyvde. Det er difor viktig at partane no avklarar korleis midlane til betre kollektivtilbod er tenkt nytta.

I tillegg til mindreforbruket på post 66-midlane, viser prognosen eit mindreforbruk på om lag 74 mill. for prosjekta som vert finansiert over **post 30 på kommunal og fylkesveg** (vert teknisk overført til post 66).

Prognosen for **post 30 midlar på riksveg**, viser eit mindre meirforbruk på 26 mill., medan det for det **fylkeskommunale bidraget** viser balanse (+ 6 mill.).

Prognosar for inntekter og utgifter i **Bypakke Bergen**, viser at rekvireringsbehovet i 2023 vil vere om lag 375 mill. lågare enn forventa netto bompengainntekt. Prognosen for rekvirering av bompengar i 2023 er lågare enn det finansieringsplanen gir rom for (sjå sak 37/23 i styringsgruppa i mars).

Det er primært endringar i totalkostnaden på prioriterte og igangsette prosjekt som gjer at det er naudsynt å drive porteføljestyling på andre tidspunkt enn ved rullering av handlingsprogram. Til 1. tertial er det berre levert prognose på totalkostnad for prosjekt på riksveg som er finansiert av post 30 midlar. Det er behov for ei avklaring kring utlysing av prosjektet Nesttun-Skjold i høve til kostnadsauke. Visar til eiga sak for dette (sak 66/23).

Det er ingen andre nye avvik utover det som er handsama i handlingsprogram 24-27.

Overordna prognose byvekstavtalen

Tabell 1 gjev ei oversikt over prognosen for forbruket i 2023 sortert på finansieringskjeldene i byvekstavtalen i Miljøløftet. Handlingsprogram 2023-2026, år 2023, er utgangspunktet. Men handlingsprogrammet blir alltid vedteken med atterhald om løyving i statsbudsjett og fylkesbudsjett. Avviket (kolonne sju) samanliknar prognosen for forbruket (kolonne seks) med disponible midlar i 2023 (kolonne fem). Disponible midlar er summen av løyving i statsbudsjett 2023/ fylkesbudsjett 2023 (kolonne 3) og eventuelle overførte midlar frå 2022/ midlar på fond pr. 31.12.22 (kolonne 4).

Tabell 1 – Oppsummeringstabell byvekstavtalen (tal i 1000-kr)

Økonomirapportering per 1. tertial 2023 (Tal i 1000-kr)							
Finansieringskjelde	HP23-26 år 2023	Løyving 2023	Overført frå tidlegare år	Til disp. 2023 (løyving + overført)	Prognose 2023 v/T1	Avvik (til disp. - prognose 2023 v/T1)	Kommentar
Post 30: Programområdemidlar riksveg	380 700	355 000	-57 278	297 722	324 207	-26 485	Posten finansierar seks statlege riksvegprosjekt i Bergen. To prosjekt melder balanse ift. Budsjett 2023. To prosjekt har meirforbruk på til saman 138 mill. i 2023, medan to prosjekt har mindreforbruk på til saman 105 mill.
Post 30: Programområdemidlar kommunal og fylkesveg	150 000	142 000	42 800	184 800	110 900	73 900	I 2023 vert åtte prosjekt finansiert av post 30 ramma på kommunal og fylkesveg. Det er prosjekt i alle fem kommunane. Nokre av prosjekta har forseinka framdrift, medan mesteparten av prosjekta har ein prognose lik budsjett for året.
Post 63: Særskilt tilskot til store kollektivprosjekt	332 000	0	0	0	0	0	I revidert nasjonalbudsjett 2022, fekk Bybanen ei løyving på 350 mill., som gjer at heile det statlege bidraget til Bybanen B/T4 vart utbetalt i 2022.
Post 66: Belønningmidlar til tilskotsordningar i byområder:							
- til kommunane	35 100	37 000	48 440	85 440	38 400	47 040	Det er ikkje rapportert særskild på kommunanes bruk av midlar i 2023. Prognosen visar venta utbetalinger til kommunane frå VLFK i 2023 basert på handlingsprogram 23-26 og 24-27.
- til drift av kollektivtrafikk i Bergen (Skyss)	298 000	304 400	22 090	326 490	284 700	41 790	Prognose på 285 mill. i 2023, som er i tråd med HP23-26, men noko lågare enn beløpet som ligg til grunn i arbeidet med HP24-27.
Post 66: Regjeringens bompengeforlik - reduserte bompenger	60 100	59 050	0	59 050	9 842	49 208	Sjå i samanheng med tilskot til betre kollektivtilbod. Halverte takstar for elbilar blei innført frå 1. januar 2021. Frå 1. mars 2023 vart halveringa reversert, og tilskotet til reduserte bompengar blir frå og med mars 2023 i heilskap nytta til "betre kollektivtilbod".
Post 66: Regjeringens bompengeforlik - bedre kollektivtilbud	60 100	59 050	0	59 050	108 258	-49 208	Sjå i samanheng med tilskot til reduserte bompengar. Tilskotet frå 2020 til 2022 blei nytta til å dekke delar av meirforbruket på bybanens byggetrinn 4. Tilskotet i 2023 skal nyttast til Bybanen, men kva for ein del av bybanen som skal finansierast med tilskotet, blir bestemt etter godkjend reguleringsplan.
Post 66: Regjeringens bompengeforlik - reduserte billettpriser til kollektivtrafikk	53 100	54 400	53 100	107 500	69 000	38 500	Første år med tilskot var i 2020. Reduserte priser på periodekort blei innført 15. januar 2021. Reduksjonen var stipulert til å redusere inntektene med omlag 50 mill. årlig. 54,4 mill. blir overført til Skyss i 2023 for å dekke forventa inntektstbortfall i 2023. I tillegg er det planlagt at 16 mill. av tilskotet frå 2020, blir nytta til takstfrys på buss og bane.
Prosjekt finansiert av VLFKs andel i byvekstavtalen	338 000	342 800	0	342 800	310 986	31 814	Det samla mindreforbruket er ein sum av fleire prosjekt og pottar med mindre avvik, både meirforbruk og mindreforbruk.
Prosjekt utover HP23-26, som finansieres av VLFKs andel i byvekstavtalen		21 200	0	21 200	46 600	-25 400	Avvik knyttar seg primært til prosjekt frå tidlegare handlingsprogram som har nokre forsinka framdrift, eller der restoppgjør kjem i år.
Sum byvekstavtalen	1 707 100	1 374 900	109 152	1 484 052	1 302 893	181 159	

Tabell 1 viser at samla prognose for porteføljen i 2023 vil gi eit mindreforbruk på i underkant av 200 millionar kroner. I det vidare blir det gått nærare inn på finansieringskjeldene som har fleire enkeltprosjekt.

Post 30 Programområdemidlar

Post 30 på riksveg

Tabell 2 viser prognosen for totalkostnad, samt årsprognose for programområdetiltaka på riksveg. Alle prosjekta ligg i Bergen kommune. Statens vegvesen har levert oppdatert status for prosjekt, samt avviksforklaringar.

Det er store avvik mellom handlingsprogram 2023-2026 og prognose på totalkostnad. Det skuldast at prisstigninga i 2022 var langt høgare enn forventet i rulleringa av HP23-26. Forventa indeks for post 30 i 2022 i HP23-26 var 2,4 %, medan den faktiske indeksen enda på 14,2 %. Ved rulleringa av handlingsprogram 2024-2027, blei endringar knytt til faktisk indeks for 2022 innarbeidd. Sekretariatet ser at nokre av prosjekta likevel har blitt lagt inn med for låg totalkostnad i HP24-27. Det var noko uklart for sekretariatet når enkelte nye kostnadsoverslag blei gjennomført, og kva for ein kroneverdi som derfor var riktig å nytta som utgangspunkt. Endringane vil bli innarbeidd i neste rullering av handlingsprogrammet, men kan medføre eit lågare handlingsrom i porteføljen.

Sjå òg eiga sak frå Statens vegvesen (sak nr. 58/23) som gjer greie for ein større kostnadsgjennomgang av sykkelstamvegprosjekta, både dei under bygging (som er del av tabell 2) og prosjekt under planlegging (del av handlingsprogrammet). Saka viser at fleire av prosjekta har fått auka totalkostnad.

Tabell 2 – Prognose på prosjekt finansiert av programrådemidlar på riksveg (tal i 1000-kr)

Tiltak	PROGNOSE TOTALKOSTNAD				PROGNOSE ÅRSREKNESKAP							
	Totalkost n. i HP 2023-2026	Prognose totalkost n.	Avvik totalkost n.	Kommentar totalkostnad frå byggherre	HP 2023-2026 År 2023	Løyving 2023	Overført frå tidl. år	Til disp 23 (løyving + overført)	Rekneskap pr. 30.04.23	Prognose 2023 v/T1	Avvik 2023 (til disp - prognose)	Kommentar årsprognose fra byggherre
E39, FV577 Sykkkelstamveg Bergen, delstreking 6, Bradbenken – Glass Knag	74 800	204 000	-129 200	Totalkostnaden i HP23-26 gjeld kun for eitt av delprosjekta. Styringsgruppa vedtok, høsten 22, å slå saman prosjekta Bradbenken-Sandvikstorget og Sandvikstorget Glassknag. Styringsgruppa slutta seg til ein totalkostnad på 175 mill. 2021-kr. for begge prosjekta. 6 mill. er finansiert av private tilskot, som er venta rekvirert i 2024.	13 700	0	85 123	85 123	4 533	9 323	75 800	Prognosen for året gir eit mindreforbruk på 75,8 mill.kr. Dette skuldast at utlysningstidspunkt blir senere enn forventet og fører til mindre entreprenørkostnader enn forventet. Konkurransegrunnlag er til kvalitetssikring hos Kontrakt og Marked i SVV. Det er forventa utlysning når prosjektet har fått godkjent styringsramme og konkurransegrunnlag er ferdig kvalitetssikra.
E39 Kristianborg-Bergen sentrum sykkelstamveg Bergen, delstr. 5	1 137 200	1 390 000	-252 800	Prosjektet sin totalprognose er lik godkjent prognose for sluttkostnad på 1,39 mrd. 2023-kr. Styringsramma har blitt endra sidan vedtatt HP23-26. E39 Sykkkelstamvegen har opning 15 april. Bybanen er ekstern byggherre. Det pågår arbeid med overlevering frå BU til SVV.	189 600	190 000	4 013	194 013	123 733	300 713	-106 700	Prognosen for året gir eit meirforbruk på 106,7 mill.kr. Restfinansiering er forskjøvet til 2024/2025.
E39 Osbane, Nesttun - Skjold (Osbane Rådal Nesttun delstreking 2) sykkelstamveg Bergen	227 000	377 000	-150 000	Prosjektet jobbar med konkurransegrunnlaget, utlysning er forskyvd til 4. kvartal. Framdifta er forsinka som følgje av mindre reguleringsendring. Dei eigedommane som det ikkje er oppnådd avtale med går til skjønnsretten 30. mai. I februar gjennomførte prosjektet eit anslag der P50 vart 425 mill.kr. Revidert anslag har ein høgare kostnad og er over ramma til Miljøløftet. Delar av parsellen, Nesttunbrekka som utgjer 4,8 mill. kr, er difor tenkt trekt ut av prosjektet.	24 300	23 000	21 583	44 583	9 485	14 583	30 000	Prognosen for året gir eit mindreforbruk på 30 mill.kr. Dette skuldast at utlysningstidspunkt blir seinare enn forventa og fører til mindre entreprenør-kostnader enn forventa.
E39 Sykkkelstamveg Minde Allé-Fabrikkgaten (Del av delsparsell 5)	116 200	282 100	-165 900	Siste løyving til prosjektet blei gitt i 2023. Og det er ikkje behov for ytterlegare løyvinger til prosjektet. Prosjektet består av to byggetrinn og vert bygga av Bybanen Utbygging. Prognosen for begge byggetrinna er 282,1 mill. Finansieringa gjennom Miljøløftet er i HP23-26 anslått til 116,2 mill.	52 800	50 000	-45 285	4 715	411	715	4 000	Prognosen for året gir eit mindreforbruk på 4 mill.kr. Dette skuldast usikkerhet rundt resterende kostnader ved oppmåling, som forventes ferdigstilt i 2023.
Rv 555 Gyldenpriskrysset og Carl Konows gate	334 900	412 400	-77 500	Prosjektet si sluttprognose er lik godkjent prognose for sluttkostnad på 412,4 mill.kr. Avviket på 77,5 mill. knytter seg til at indeksene i HP23-26 for 2022 og 2023 er oppdatert sidan HP ble vedtatt.	95 000	90 000	-122 927	-32 927	4 718	-1 527	-31 400	Prognosen for året gir eit meirforbruk på 31,4 mill.kr. Dette skyldes forskjøvet restfinansiering til 2024/2025. Prosjektet hadde trafikkåpning i 2022. Det pågår nødvendig utbedringar for å få godkjent vedtak på signalanlegg og skilt.
E6 Olav Kyrresgate	234 700	215 300	19 400	Godkjent sluttkost er 252,8 2023-kr. Men prognosen for prosjektet er mindre enn denne ramma. Det gjenstår arbeid med universell utforming etter avtale med Blindeforbundet.	2 300	2 000	214	2 214	57	400	1 814	Prognosen for året gir eit mindreforbruk på 1,8 mill.kr. Dette skuldast at gjennomføring av restarbeid først vil skje mot slutten av året og starten av 2024.
E6 Trafikktiltak Nygårdstangkrysset/Fjesangerveien	11 900			Prosjektet fekk ikkje midlar i statsbudsjett 2023	1 600							Prosjektet fekk ikkje midlar i statsbudsjett 2023
E6 Kollektivtiltak Foreningsgaten	11 200			Prosjektet fekk ikkje midlar i statsbudsjett 2023. Men i tråd med hansaminga av HP24-27, inngår prosjektet i entreprisen til Bradbenken-Glassknag, med finansiering over ramma til "Olav Kyrres gt."	1 600							Prosjektet fekk ikkje midlar i statsbudsjett 2023
Sum POST 30 - midlar riksveg	2 147 900	2 880 800	-756 000		380 700	355 000	-57 278	297 722	142 938	324 207	-26 486	

I tillegg til prosjekta i tabell 2, har SVV fleire prosjekt under planlegging. Utgifter til planlegging av riksvegprosjekt vert finansiert av statlege midlar utanfor Miljøløftet.

Post 30 på kommunal og fylkesveg (blir overført teknisk til post 66)

Tabell 3 viser årsprognose for programrådetiltaka på kommunal og fylkesveg. Det er åtte prosjekt som har tilgjengeleg tilskot hos staten over denne ordninga i 2023, enten det er ubrukte midlar frå 2022, eller nye midlar over statsbudsjett 2023, eller begge delar.

Kommunane og fylket har levert prognose til Statens vegvesen. Statens vegvesen har sendt sin prognose vidare i organisasjonen, med kopi til sekretariatet. Denne er grunnlaget for tabell 3. Det er ikkje bedt om, eller blitt levert prognose for totalkostnad.

Tabell 3 – Prosjekt med finansiering av programområdemidler til kommunal og fylkesveg (tal i 1000-kr)

Byggherre/kommune	Prosjekt i handlingsprogram 2023-2026. Tala er i 1000 2023-kr.	PROGNOSE ÅRSREGNSKAP 2023						Kommentar årsprognose frå byggherre
		HP 2023-2026 (år 2023)	Løyving 2023	Overført frå tidl. år	Til disp (løyving + overført)	Prognose 2023	Avvik 2023 (til disp - prognose)	
VLFK i Bergen	Fv5200 mfl. Infrastruktur Paradis	14 000	15 800		15 800	15 800	-	Grunntentreprise på tiltaket vart overlevert mars 2023. Bygging av brua (kompositt materiale) vert hausten 2023, dersom godkjenning av bru føreligg. Prognosen er usikker og totalprognose vert vurdert fram mot neste rapportering.
VLFK i Alver	Fv5308 Utbedring av Sagstadvegen i tidl. Meland kommune	12 600	15 400	4 100	19 500	8 600	10 900	I tiltaket inngår etablering av ny trafikksikker infrastruktur med oppgradert vegkropp, ny gang- og sykkelveg / fortau og ny busshaldeplass på strekninga mellom rundkøyring ved Frekhaug senter med sin kollektivsentral og Sagstad skule, inkludert det store idrettsanlegget på Sagstad. Utlysning av prosjektet vinter 2023, byggstart hausten 2023. Tiltaket er estimert å vere ferdig i 2024. Det er venta eit mindreforbruk på prosjektet på 10,9 mill. i 2023.
VLFK i Alver	Fv5474 Seim	1 600						Prosjektet fekk ikkje midlar i statsbudsjett 2023. Det foreligg ikkje godkjent reguleringsplan.
VLFK i Alver	Fv5452 Leknesvegen	4 900						Prosjektet fekk ikkje midlar i statsbudsjett 2023. VLFK meld at det vert starta prosjektering i 2023.
VLFK i Askøy	Fv5254 Kleppevegen ved Myrane	27 900	26 600	4 100	30 700	16 000	14 700	Etablere ny trafikksikker infrastruktur til Kleppstø barneskule, Kleppstø ungdomsskule, Askøy vidaregåande skule, Askøyhallen og Helsetunet. Tiltaket går ut på å stenge eksisterande avkørsler, etablere ny felles avkørsel (rundkøyring) til området, etablere gang og sykkelveg/fortau, ny busshaldeplass og "kiss and ride" for ungdomsskulen/videregående/idrettshall. Utlysning av prosjektet er 1-2 mnd forsinka og det er venta utlysning våren 2023. Prognosen for forbruk er 16 mill., men er noko usikker. Prognosen viser eit mindreforbruk i 2023 på 14,7 mill.
Askøy	Kv1158 Kvernhusdalen	20 000	20 000	4 200	24 200	24 200	-	Byggstart er sett til mai 2023. Det er forventa at prosjektet vil nytte seg av heile beløpet som er løyvd i løpet av 2023.
VLFK i Bjørnafjorden	Fv552 GS-løsning som del av utbetningsentreprisa for Hatvikvegen	37 000	36 000	12 300	48 300	-	48 300	Utlysning estimert mai/juni 2023. Kontraheringsfasen vil pågå hausten 2023 grunna forhandlingar og samspel med entreprenør. Entreprisform er vald av omsyn til gjennomføring spesielt mtp. trafikkavvikling og kompleksitet, mange berørte parter. Byggstart estimert årsskiftet 2023/2024. Pågåande dialog med Bjørnafjorden kommune om ekstern finansiering. Det er ikkje venta uttak av det statlege tilskotet over post 66 i 2023. Prognose for mindreforbruk i 2023 er 48,3 mill.
Bjørnafjorden	Kv1027 Fortau langs Gymnasvegen	600		1 000	1 000	1 000	-	Ikkje motteke rapportering på tiltaket
Bjørnafjorden	Fv510 Trollidalen- Lepsøyvegen - trygg GS-løsning	3 200						Prosjektet fekk ikkje midlar i statsbudsjett 2023.
Øygarden	Kv1136 Sentrumsgate Grønarnyvegen	28 200	28 200	6 700	34 900	34 900	-	Konkurransegrunnlag er i sluttfasen og prosjektet vert kunnngjort innan nokre veker. Det er litt etter framdriftsplan grunna behov for utvida grunnundersøkingar for å gjere naudsynte avklaringar før utlysning. Etter framdriftsplan blir anleggstart rett over sommarferien.
Øygarden	Kv1146 Kulvert Idrettsvegen			10 400	10 400	10 400	-	Prosjektet er ferdig og blei åpna 3. mai. Sluttoppgjør er ikkje klart ennå, men vil truleg vere innafør bevilga ramme. Tilskot vil bli utbetalt i år.
	Sum POST 30 kommunal og fylkesveg	150 000	142 000	42 800	184 800	110 900	73 900	

Post 66 belønningsmidlar til kommunane

Tabell 1, innleiingsvis i notatet, viser prognosen for kva som kjem til å bli betalt ut til kommunane i belønningsmidlar i 2023. Tabell 4 gjer ei oversikt over kva for prosjekt som får belønningsmidlar i 2023, og om det var nokre endringar frå HP23-26 til HP24-27. Det er kolonne 4 (år 2023 i HP24-27) som ligg til grunn for utbetalingane i 2023.

Statens vegvesen betalar tilskotet til Vestland fylkeskommune, som betalar ut tilskotet til kommunane i tråd med oppmodingar frå sekretariatet. Sekretariatet sender sine oppmodingar basert på vedtak i styringsgruppa, i hovudsak som del av vedtak om handlingsprogram.

Tabell 4 - Belønningsmidlar til kommunane, prosjekt med finansiering i 2023 (tal i 1000-kr)

Kommune	Prosjekt	År 2023 i HP23-26	År 2023 i HP24-27
Bergen	Bysykelordningen i Bergen	4 300	4 300
Bergen	Oppfølging av handlingsplan for sykkelsatsing i Bergen kommune	18 000	18 000
Bergen	Sysselbyavtale - Sysselbyen Bergen	2 200	2 200
Bergen	Tiltak i handlingsplan for gange - bygging	3 200	3 700
Bergen	Tiltak i handlingsplan for gange - plan	1 000	1 000
Askøy	Oppfølging av sykkelstrategi	900	900
Askøy	Planleggingsmidlar Askøy kommune	2 600	2 600
Bjørnafjorden	Attraktivt og bærekraftig Osøyro	200	-
Bjørnafjorden	Distribusjonssenter for hydrogen	300	-
Bjørnafjorden	E39 Sjøfteland sentrum - forstudie: GS-løysingar	100	-
Bjørnafjorden	KV 1128 Nilsavegen	500	-
Bjørnafjorden	Mulegheitsstudie av GS-løysing Sjøfteland-Lysepar	800	-
Bjørnafjorden	Sysselstrategi for Bjørnafjorden kommune	500	200
Øygarden	Prosjekt "bysyklar" i regionsenteret	1 000	1 000
Øygarden	Prosjekt "sykkelparkering" i regionsenteret	200	200
Øygarden	Prosjektstillingar for å styrka kompetanse og gjennomføringsevne innanfor mobilitet i Øygarden kommune	-	1 000
Øygarden	Trafikkanalyse for regionsenter Straume	800	800
Øygarden	Trafikksikringsplan Øygarden	-	1 000
Heile avtaleområdet	Trygg sykkelparkering	1 500	1 500
	Sum	38 100	38 400

Ved årsrapportering 2022 rapporterte kommunane til fylket på bruken av midlar, som igjen rapporterte vidare til staten. Kommunane har ikkje rapportert til fylket pr. 1. tertial. Før 2. tertial ser sekretariatet behov for at det blir etablert og effektuert rutinar for korleis og kor ofte kommunane skal rapportere på bruken av belønningsmidlar. Sekretariatet vil følgje opp dette til hausten.

I tillegg til midlane som er på fond hos fylkeskommunen, var det ved utgangen av 2022 30 mill. på fond hos kommunane. Desse midlane er øyremerka einskilde tiltak, men tiltaka har forsinka framdrift.

Fylkeskommunalt bidrag

Tabell 5 gjer ein oversikt over årsprognosen for enkeltprosjekta som er finansiert med fylkeskommunale midlar og som var ein del av handlingsprogram 2023-2026. Det er ikkje levert prognose for totalkostnaden for dei einskilde prosjekta.

Vestland fylkeskommune finansierer også prosjekt som ikkje var del av handlingsprogram 2023-2026. Desse blir vist i tabell 6. Det er primært prosjekt som har vore del av tidlegare handlingsprogram, men som også har aktivitet i 2023.

Fleire av prosjekta som er finansiert av statlege post 30-midlar (tabell 3), ligg på fylkesveg. Ettersom det statlege tilskotet ikkje dekker utgifter til plan og prosjektering, har fylkeskommunen utgifter knytt til prosjekta. I samband med rullering av handlingsprogram 2024-2027 blei det avklart at desse utgiftene blir dekka slik: Utgifter til plan, prosjektering og mva. for prosjekt i Bergen blir dekka over det fylkeskommunale bidraget i Miljøloftet. Tilsvarande utgifter i omegnskommunane vert dekka av hovudsakleg fylkeskommunale midlar som *ikkje* er del av Miljøloftet. Sidan utgiftene i omegnskommunane ikkje blir finansiert av fylket sitt bidrag i Miljøloftet, inngår prosjekta heller ikkje i tabell 5 eller 6.

Tabell 5 - Årsprognose prosjekt på fylkeskommunalt bidrag (tal i 1000-kr)

Tiltak frå handlingsprogram 2023-2026 år 2023 (tal i 1000 kr.)	PROGNOSE ÅRSREKNESKAP				Kommentar årsregnskap byggherre
	HP 2023-2026 år 2023	Løyving VLFK 2023	Prognose 2023	Avvik 2022 (til disp - prognose)	
Fv 5324 Hagerups vei, Storetveitvegen–Nattlandsveien oppgradering av sykkelfelt/fartspuuter	20 500	20 500	3 500	17 000	Tiltaket er venta ferdig mars 2024.
Fv5190 Apeltunvegen	5 100	5 100	3 000	2 100	Det er lagt opp til prosjektering i sommer/haust og bygging i 2024.
Gangveger til kollektivtraseer	10 600	10 600	10 600	0	
Fremkommelighetstiltak sykkel (enklare tiltak, farge sykkelfelt, merking mm.	3 200	3 200	3 200	0	
Gang og sykkel fylkesveg langs Bybanen IV	26 900	26 900	26 900	0	
Fv 5216 Håkonshellavegen	46 300	46 300	37 900	8 400	Tiltaket er under bygging og er venta ferdig mars 2024.
Trafikksikkerhet	33 800	33 800	37 287	-3 487	Det er venta eit meirforbruk på omlag 3,5 mill.kr på denne potten. Tiltaka dreg med seg eit etterslep frå tidlegare år. Bruk av rammekontrakt for mindre vegtiltak gjer at tiltaka realiserast fortløpande etter prosjektering. Det er håp om å ta igjen det meste av etterslepet i 2023. Tiltaka går stort sett etter oppsett plan. Dei fleste tiltaka er under bygging og er venta ferdigstilt i løpet av året. Kun nokre få som vert avslutta i 2024. Prosjektering pågår på nye tiltak for kontinuitet på posten. Det vert lagt opp til budsjettjustering i løpet av 2023 på denne potten.
Oppgradering av signalanlegg og ASP	2 600	2 600	2 600	0	
Oppgradering holdeplasser	7 700	7 700	7 700	0	
Fv 5322 Holdeplasser ved Sletten senter bybanestopp	5 400	5 400	500	4 900	Prosjektet er forsinka. Det vert oppstart prosjektering vår 2023. Prognosen er usikker og kan auka dersom bygging kjem i gang i 2023.
Mindre kollektivtiltak, enklare tiltak	4 200	9 200	6 000	3 200	Det er lagt opp til å gjere tiltak i Eidsvågvegen med oppstart bygging vår/sommer 2023. Prognosen er usikker.
Vedlikeholdstiltak av investeringskarakter Bybanen og Trolleybuss	14 400	14 400	14 400	0	
Reisevaneundersøkelse	1 500	1 500	1 500	0	
Program for teljing og analyse av fotgjengartraumar og åtferd	1 000	1 000	1 000	0	
Sentrum og knutepunktsutvikling i Bergen	1 000	3 500	3 500	0	
Sekretariat med kommunikasjon Miljøløftet	8 800	8 800	8 800	0	
Kjøp av bybanevogner	51 400	51 400	51 400	0	Midlane er løyvd over driftsbudsjettet til fylket.
E16/Rv577 Permanent løsning for sommer stengning av Torget - Bryggen	6 200	0	0	0	Då handlingsprogram 23-26 blei vedtatt av fylkestinget, blei ikkje prosjektet prioritert, og prosjektet fekk ikkje midlar då fylkestinget vedtok budsjett for 2023.
Fv574 Bjørgeveien, Bjørndalsbrotet - Lyderhornsveien	1 000	1 000	750	250	Tiltenkt arbeid med prosjektoptimalisering er noko forsinka. Det vurderast bruk av konsulent. Arbeidet vil truleg halde fram inn i 2024.
Fv5300 Salhusvegen, Ulsetstemma-Slettestøvegen	1 000	1 000	1 000	0	Prosjektoptimalisering vurderast i samband med ferdigstilling av reguleringsplan.
Prosjektering diverse fylkesveg og grunnnerv	7 200	10 700	10 700	0	Det er ved denne rapporteringen ikkje avdekket behov for tiltak ut over det prognosen tilsier. Omfang varierer fra år til år og prognosen er usikker.
Planlegging fylkesveg i Bergen	25 400	25 400	19 575	5 825	Det er venta eit mindreforbruk på potten i 2023. Avviket er knytt opp til ei ufordelt pott knytt til planlegging og til avgjerd i FT. om å avslutte refusjon til Bergen kommune, jmf. sak PS 83/2022. Fleire planer er under utarbeiding. Prognosane er usikre. Det vert lagt opp til budsjettjustering i løpet av 2023 på denne potten.
Vedlikeholdstiltak av investeringskarakter	52 800	52 800	59 174	-6 374	Det er venta eit meirforbruk på potten som heng saman med slutføring av tiltak som vart starta opp i 2022 men først vert fullført i 2023. Posten hadde mindreforbruk i 2022. Tiltaka er i ulike fasar, nokre under prosjektering, andre er i gang og nokre står det kun att sluttoppgjær.
Sum fylkeskommunalt bidrag	338 000	342 800	310 986	31 814	

Tabell 6 – Prosjekt som ikkje var del av HP23-26 (tal i 1000-kr)

Tiltak som ikkje var del av Handlingsprogram 2023-2026 år 2022 (tall i 1000)	HP23-26 år 2023 (VLFKs andel)	Løyving VLFK 2023	Prognose 2023 ved T1	Avvik 2023 (til disp - prognose)	Kommentar avvik byggherre
Infrastruktur Paradis	0	3 500	20 500	-17 000	Tiltaket er finansiert av statlege midlar, private tilskot, samt at mva vert dekkja av det fylkeskommunale bidraget. Prognostisert avvik i 2023 skyldast m.a. tidsforskyving frå 2022 (og korleis finansieringskjelde som dekkar avviket, kjem ein attende til). Grunnentreprise på tiltaket vart overlevert mars 2023. Bygging av brua (kompositt materiale) vert hausten 2023, dersom godkjenning av bru føreligg. Prognosen er usikker og totalprognose vert vurdert fram mot neste rapportering.
Fv 5348 Haugeveien, Nordnesparken, Margrethastredet (Nordnes II)	0	0	2 200	-2 200	Tiltak frå HP22-25. Arbeidet er ferdig utført. Varsla prognose er knytt til sluttoppgjer med Eviny Thermo.
Allestadvegen - Skarphaugen sykkel	0	7 000	7 200	-200	Tiltak frå HP22-25. Tiltaket er under bygging og er venta ferdig våren 2023.
Straksløsning Christiesgate- Bradbenken	0	0	4 000	-4 000	Tiltak frå HP22-25. Tiltaket er forskjøvet i tid. Hadde løyving i 2022. Usikker prognose. Pågående byggesøknad. Mulig økt omfang langs Torget. Antatt oppstart bygging høst 2023
Trolleybuslinje til Laksevåg	0	0	28 900	-28 900	Tiltak frå HP22-25. Tiltaket var opprinneleg planlagt ferdig og teke i bruk i 2022. Grunna manglar vert tiltaket ferdigstilt fyrst i år. Sluttoppgjer kjem i år. Prognosen er usikker. Fylkeskommunen vil kome attende ved neste rapportering. Det vert lagt opp til budsjettjustering i løpet av 2023.
Fyllingsveien, fortau og fremkommelighet kollektiv	0	0	5 000	-5 000	Tiltak frå HP22-25. Det pågår sluttoppgjer på tiltaket. Noko støyttiltak står att å utføre, samt oppgjer mot Bergen kommune. Prognosen er usikker.
Hovudprosjekt Miljøløftet vlf- Byvekstavt. fylkesveg	0	10 700	0	10 700	
Sum	0	21 200	67 800	-46 600	

Overordna prognose Bypakke Bergen

Tabell 7 gjer ei oversikt over Bypakke Bergen med forventede bompengainntekter og prognose for rekvirering av bompengar til dei bompengefinansierte prosjekta. Det er ikkje levert prognose for totalkostnaden for prosjekta.

Tabell 7 - Oppsummeringstabell Bypakke Bergen (tal i 1000-kr)

OVERSIKT BYPAKKE BERGEN (Tal i 1000-kr)				
Bypakke Bergen 2023	HP23-26 (2023)	Prognose 2023 v/T1	Avvik (HP 2023 minus prognose)	Kommentar
Brutto bompenginntekt	-1 139 000	-1 122 000	-17 000	I HP23-26 var det lagt til grunn ein gjennomsnittstakst i tråd med proposisjonen på 12,48 kr., og at tilskotet til reduserte bompenger vart nytta til reduserte takstar. Prognosen pr. 1. tertial for brutto bompenginntekter legg til grunn at snittet for ÅDT er 250 tusen i 2023, og at realisert gjennomsnittstakst blir 12,30. Prognosen inkluderer at elbil-takstane vart omlag dubla frå 1. mars 2023
Netto drifts- og finanskostnader	169 600	286 000	-116 400	I HP23-26 var prognose for drifts og finanskostnader i 2023, lik prognosen for 2022. Avviket er knytt til auka finansieringskostnader i 2023.
Netto bompenginntekt	-969 400	-836 000	-133 400	
Planlegging av Bybanen byggetrinn 5, fra Bergen sentrum til Åsane	6 200	30 551	-24 351	Styringsgruppa vedtok ny styringsramme i mars møtet. Avviket er knytt til auka kostnader knytt til ekstraregningar grunna motsegner knytt til høyringsuttalelser på reguleringsplanen. Det vert lagt opp til budsjettjustering i løpet av året.
Førebuande arbeid med Bybanen BT5	-	113 000	-113 000	I styringsgruppa i Bypakke Bergen i desember 2022 (sak 89/22), blei det vedtekenat "det kan benyttes inntil 102 mill. i 2023 og inntil 251 mill. i 2024" til førebuande arbeid med Bybanen BT5.
Bybanen BT 4	166 600	292 000	-125 400	Prognosen for Bybanen byggetrinn 4 er 292 mill. i 2023
Hjellestadvegen	7 200	25 000	-17 800	Arbeida på tiltaket er venta ferdig sommaren 2023. Det føreligg tvist knytt opp mot tidlegare entreprenør på tiltaket. Prognosen for 2023 er gitt under føresetnad av at det ikkje føreligg avklaring knytt til tvist med tidlegare entreprenør i løpet av året.
Sum rekvirering av bompengar til bompengefinansierte prosjekt	180 000	460 551	-280 551	
Netto bompenginntekt minus rekvirering av bompenger		-375 449		Prognosen syner at rekvireringsbehovet for 2023 er om lag 375 mill. lågare enn prognosen for netto bompenginntekter.

Prognosen viser at rekvireringsbehovet for 2023 vil vere om lag 375 millionar lågare enn prognosen for netto bompenginntekter. Det vil i så tilfelle føre til at gjelda hjå Ferde blir lågare ved utgangen av 2023 enn ved utgangen av 2022, då gjelda var på 5,65 mrd.

Prognosen for netto bompenginntekter er lågare enn det som låg til grunn i handlingsprogram 2023-2026, primært som følger av økte finansieringskostnader. Hadde ikkje takstane for nullutsleppskjøretøy auka frå mars 2023, hadde prognosen for inntekter vore enda lågare.

Prognosen for rekvirering av bompengar i 2023 er høgare enn det som låg til grunn i handlingsprogram 2023-26, ettersom HP23-26 blei vedteken av styringsgruppa i april 2022, då meirforbruket på Bybanen BT4 enno ikkje var kjend, samt at styringsgruppa i desember 2022 vedtok å bruke bompengar i 23 og 24 til førebuande arbeid med Bybanen BT5.

Prognosen for rekvirering av bompengar i 2023 er lågare enn det finansieringsplanen gjer rom for (sjå sak 37/23 i styringsgruppa i mars).

Det er framleis tidleg på året, og prognosen, både for inntekter og utgifter i 2023 er usikre.

Fokus framover

Sekretariatet jobbar vidare saman med partane for å effektivisere økonomirapporteringsrutinane, og foreslår forbetring av rutinane, der det er behov for det.

Partane avklarar korleis midlane til betre kollektivtilbod er tenkt nytta.

Forslag til vedtak

Styringsgruppa tek innhaldet i økonomirapporteringa per 1. tertial til orientering. Sekretariatet tek initiativ til gjennomgang av økonomirapporteringsrutinane til hausten, og kjem attende til styringsgruppa med forslag til endringar og presiseringar.